

Helge Sandøy

## "GARPEGENITIV" I ROMSDALSMÅLET

### 1. Innleiing

Nikolaus Gjelsvik har fått tildelt æra for å ha døypt sin-genitiven for garpegenitiv. I hans språkbruk skulle namnet vere sterkt negativt ladd (garp - tidligare nemning for tyske kjøpmenn i Bergen). Og denne garpegenitiven har vore nære på bannlyst i norsk skriftmål, enda til i nynorsk, som skal bygge på folkemålet. Denne negative holdninga har for så vidt tradisjon heilt til Aasen 1864:§317. I tillegg til den allmenne tendensen til at studiet av syntaks alltid kjem i andre rekke, har kan hende denne nedvurderinga gjort sitt til at genitivsstudiet har vore så forsømt i målföregranskings.

Denne artikkelen er resultatet av noen refleksjonar eg har gjort meg om sin-genitiven i min eigen dialekt frå Bud i Romsdal. Artikkelen kjem derfor ikkje til å ta opp genitiv meir allment, eg tar bare med konstruksjonar eg har funne relevante for dröftinga av sin-genitiven, d.v.s. såkalla genitivsomskrivingar og konstruksjonar med eigedomspronomen.

Omgrepa 'genitiv' og 'genitivomskriving' skal eg kommete nærmare under punkt 5.

### 2. Former

Dei konstruksjonane som er av interesse i denne samanhengen - utan omsyn til om dei kan kallas genitiv eller ei - er:

A. Med eigedomspronomen:

Före overleddet:

- (1) *min'ny bā'tt*

Etter overleddet:

- (2) *bā'tin miny*

B. Med preposisjon:

Bare etter overleddet:

- (3) *bā'tin åt bon'då*

- (4) *bā'tin åt mō'r mine*

- (5) *væ'take i rejå/ringin*

C. Med genitivsform av personlig pronomen:

Bare etter overleddet:

- (6) *bā'tin has fā'r*

- (7) *bā'tin nå kā'ri*

D. Med sin:

Bare före overleddet:

- (8) *min'ny sin bā'tt*

- (9) *bon'din sin bā'tt*

- (10) *mō'r mi sin bā'tt*

- (11) *rejå/ringå set væ'tak*

- (12) *has fā'r sin bā'tt*

- (13) *nå kā'ri sin bā'tt*

Type C kan bare brukas ved namn på personar, dyr og personliggjorde ting, der ein elles òg alltid må ha eit personlig pronomen före propriumet: ho Kari, han Lars. Mor, far, bestefar o.s.v. kan tene som proprium i slike tilfelle, men dei kan òg brukas som appellativ, jf. (4).

Type B er avgrensa til tilfelle der underleddet ("genitivsleddet") inneheld appellativ. Såleis er \*bā'tin åt nå kā'ri

like ukurant som \*båt'n has bondin. Type D - altså garpegenitiven - kan brukas ved både eigedomspronomen, appellativ og proprium. Ved proprium må det personlige pronomenet framleis stå, og i genitivsforma.

### 3. Bruk

Typane A og B er vanlige i all norsk, og type C er også utbreidd over det meste av landet, jf. Torp 1973. Rett nok er preposisjonen til vanligare enn åt i litterært språk, og personlig pronomen ved proprium har fått stilvalören 'munnlig'. Sin-genitiven i D er det som er mest særmerkt, og som bare fins innafor eit avgrensa målføreområde.

Av oversynet over former ovafor går det fram at sin-genitiven har tilsvarende i alle dei tre hine typane. Men i romsdalsmålet er ikkje sin-genitiven eit alternativ til type A, B og C. Sin-genitiven har einast kontrastiv funksjon, d.v.s. at han er bare brukt til å framheve eller skilje ut éin eller fleire frå ei større mengd som også kunne vere aktuell ut ifrå konteksten eller situasjonen. Typane B og C får kontrastiv tyding bare dersom appellativet eller propriumet får sterkt trykk. Og ettersom sterktrykk kan brukas til å framheve kva som helst ledd, held vi det utafor i denne behandlinga.

Dette vil dermed seie at sin-genitiven kan vi ikkje bruke utan at det i konteksten eller i situasjonen også eksisterer f.eks. andre eigarmenn/-kvinner som ein ønskjer å kontrastere eller avgrense seg imot. Heilt konkret: Vi går ein tur ved stranda og talar f.eks. om været. Nett når vi går forbi ein båt, seier person A:

(14) høyr leg båt'n has knut't

eller

(15) *hæ'r leg bå'tn åt prås'tå*

Setningane (16) og (17) kunne A derimot ikkje ha brukt utan at samtalens dreia seg om kven som åtte dei ymse båtane ved stranda, eller at eigarforholda hadde vore samtaletema for så kort tid sia at begge dermed lett kunne assosiere bakover til det.

(16) *hæ'r leg has knū't sin bå't*

(17) *hæ'r leg prås'tn sin bå't*

I (16) og (17), men ikkje i (14) og (15), er det derfor presupponert at "dette er ikkje hans Olav (og ev. fleire andre) sin båt", eller om vi vil: at det òg finns andre båtar der som andre eig.

Overskrifta i (18), som er henta frå Dag og Tid, kan derfor etter "romsdalsk språkkjensle" bare vere kurant i ein kontekst der det òg er tale om lønnsutviklinga til f.eks. industriarbeidarane. Elles må ein bruke (19).

(18) Böndene si lønnsutvikling etter krigen.

(19) *løn/sutvektingå åt (får) bøn'dera åt'te krt/gen*

Når vi bruker eigedomspronomen, har vi akkurat same funksjonsdelinga mellom förestelt og etterstelt pronomene. Om noen har spurt: "Kor gamle er desse bilane?" da kan ein svare med (20), som dermed kontrasterer min bil med dei hine som ikkje eg eig.

(20) *min'n bt'l e frå nit'tn ft'rå söt'ti*

Var det tale om bilen min, kunne jo samanhengen like godt vere at ein kontrasterte bilen med andre ting eg åtte.

Og (21) understrekar at dette er heilt ut mi personlige meinings, andre meiner gjerne noe heilt anna.

(21) *åte mt'ne vø't e ta dø'r høj't bot'i steu'r å ved've*

Dermed kan eksempla under punkt 2 ordnas i to kategoriar

etter funksjonen:

Kontrastiv funksjon:

- (1) *min<sup>1</sup>ŋ bā<sup>2</sup>t*      }  
(8) *min<sup>1</sup>ŋ sin<sup>2</sup> bā<sup>1</sup>t*      }
- (9) *bon<sup>1</sup>dīŋ sin<sup>2</sup> bā<sup>1</sup>t*  
(10) *mō<sup>1</sup>r mi sin<sup>2</sup> bā<sup>1</sup>t*  
(11) *rejå<sup>1</sup>/rinjå set vē<sup>2</sup>tak*  
(12) *has fā<sup>1</sup>r sin<sup>2</sup> bā<sup>1</sup>t*  
(13) *nå kā<sup>1</sup>ri sin<sup>2</sup> bā<sup>1</sup>t*

Ikkje-kontrastiv funksjon:

- (2) *bā<sup>1</sup>t<sup>2</sup>n min<sup>1</sup>*  
(3) *bā<sup>1</sup>t<sup>2</sup>n åt bon<sup>1</sup>då*  
(4) *bā<sup>1</sup>t<sup>2</sup>n åt mō<sup>1</sup>r mine*  
(5) *vē<sup>1</sup>tak<sup>2</sup>e i rejå<sup>1</sup>/rinj<sup>2</sup>n*  
(6) *bā<sup>1</sup>t<sup>2</sup>n has fā<sup>1</sup>r*  
(7) *bā<sup>1</sup>t<sup>2</sup>n nå kā<sup>1</sup>ri*

Ettersom denne kontrastive bruken av sin-genitiv altså føreset overleddet kjent, skulle det vere rimelig å tru at sin-genitiven blir svært frekvent nytta med stroke (underforstått) overledd, altså som i (22).

- (22) *de va has knū<sup>1</sup>t sin<sup>2</sup>*

I tillegg til å syne at sin-genitiven i kommunikasjonen ikkje er likeverdig med dei hine genitivsomskrivingane, må vi òg gi ei anna avgrensing for bruken. Og språkkjensla mi for romsdalsmålet stör opp om påstanden hos Torp 1973:125 om at "det er bare animate substantiv (ord som betegner levende vesener) som kan stå i genitiv i norske dialekter". Men denne regelen gjeld bare om ein dessutan legg til at institusjonar kan òg ha "animate eigenskapar", og det treng ikkje vere så urimelig:

- (23) *skū<sup>1</sup>līŋ set an<sup>1</sup>svar må vare å . . . .*

- (24) *rejå<sup>1</sup>/rinjå set vē<sup>2</sup>tak jek<sup>1</sup>k-ut på åt . . . .*

(I (23) er det presupponert f.eks. "i motsetnad til foreldra sitt ansvar", og i (24) f.eks. "i motsetnad til Stortinget sitt vedtak".)

Derimot kan ein aldri seie:

- (25) \**bō<sup>1</sup>ñå si fram<sup>1</sup>sie e fñat<sup>1</sup> il, lustre<sup>2</sup>t*

- (26) \**nō må me sā, t-ås-iñ<sup>1</sup>ŋ i kñas, sekam<sup>1</sup>pen set gruny<sup>1</sup>lag*

Kva uttrykker så desse genitivane? Dei fleste eksempla våre ville falle inn under det som tradisjonelt er kalla 'eigedomsgenitiv', og som vi kunne tenke oss transformert av "djupare-liggande" setningar med ha eller eige:

- (27) Eg eig båten

o.s.v.

Regjeringa sitt vedtak er derimot ein 'subjektiv genitiv', jf. "Regjeringa vedtok at...". Særmerkt ved desse subjektive genitivane er at dei i ikkje-kontrastiv funksjon er uttrykte med andre preposisjonar enn åt: vedtaket i regjeringa. Der verbalabstraktet er vanlig i bruk, er subjektive genitivar fullt moglige i kontrastiv funksjon. Men slike genitivar er neppe frekvente, og det eksisterer kan hende andre strenge restriksjonar for dei. Objektive genitivar er derimot ukurante, jf. (29) mot (28):

- (28) t' hę́l/l no mǎs/t på åt de va has kolom/bus sin oppdagels

- (29) \* skūlžin sin ně/lågels va nåk te stā/re sår/g

#### 4. Opphav

Ovafor såg vi at i dei kontrasterande genitivsomskrivingane står genitivsleddet före overleddet, i dei ikkje-kontrasterande etter. Ved uttrykk med eigedomspronomen kan eit slikt posisjonsskifte gå tilbake til norrönt. Vi finn det att i både moderne islandsk og moderne färöysk, dessutan er det allment i norsk.

Om "Stilling av genitiv, som bestemmer et substantiv som attribut" i norrönt seier Nygaard 1906:§355 at

"Possesiv, konjunktiv, subjektiv og objektiv genitiv sættes i regelen efter subst. [...] Foran sættes genitiven, naar den smelter sammen med hovedordet til et begrep (uden at der dog er dannet et sammensat subst.); stundom ogsaa,

naar den udhæves med eftertryk."

Eitt eksempel hos han er så: sú er fleiri manna sogn (Hkr.725,11), som må presupponere: "Det er altså ikkje bare éin som har fortalt det."

Å undersöke kor langt ein slik tendens er gjennomfört i norrönt, er ikkje lett når han gjeld eit språk vi har bare litterære kjelder frå. Men skal vi tenke oss til korleis sin-genitiven har komme inn i romsdalsmålet, får vi enklaste forklaringa om vi reknar med eit slikt fast posisjonsmönster for dei to funksjonane kontrastiv og ikkje-kontrastiv enten i norrönt eller på eit stadium seinare. Og mönsteret må ha funnes för kasusendingane for genitiv forsvann, d.v.s. kanskje i slutten av mellomnorsk (jf. Indrebø 1951:250). Vi kunne da rekne med eit slikt mönster (i "normalisert" norrönt):

Kontrastiv funksjon:

minn bátr

bóndans bátr

hans Ólafs bátr

(Utviklinga av bunden form i overleddet i dei ikkje-kontrastive konstruksjonane var nok òg gjennomfört i mellomnorsk tid, jf. Indrebø 1951:260.)

Ikkje-kontrastiv funksjon:

bátr minn

bátr bóndans

bátr hans Ólafs

I dette oppsettet tillèt eg meg å bruke pronomen ved primum. Det skulle ikkje vere for drastisk å rekne med at ein slik konstruksjon fans alt i norrönt talemål; Aasen 1864:§308 Anm. nemner to eksempel frå Heimskringla, jf. òg Nygaard 1906:§74 Anm. 5, og Hansen 1976 dröftar slike konstruksjonar i eit diplom frå 1422. I moderne islandsk talemål er konstruksjonen òg heilt vanlig slik som i talemålet i stordelen av Norge. Dessutan fins det vitnemål om han i eldre færöysk (Torp 1973:note 10).

Når så språket mistar kasusmarkeringa av genitiv i bunden form av substantiva, får det ingen følgjer for konstruksjonen med eigedomspronomen. Ved proprium blir genitiv markert ved det personlige pronomenet: hans Ólaf bát. Men ved konstruksjonen med appellativ må ein etablere ei "omskriving", og som vanlig elles ved bortfall av kasusmarkering tar ein i bruk preposisjonar i staden. Der genitivsleddet stod etter overleddet, skjer denne endringa lett, for rekkefølgja av overledd og underledd blir uendra. Derimot eksisterer ikkje i språket hypotagmetypen med preposisjonsledd som underledd føre overleddet: \*at bónanum bát o.s.v. Men ved å ta i bruk pronomenet sinn til å markere genitivsledd kan ein halde oppe posisjonsmönsteret som markering av dei to funksjonane:

Kontrastiv funksjon:

minn bát

bóndinn sinn bát

hans Ólav bát

Ikkje-kontrastiv funksjon:

bátinn minn

bátinn at bónanum

bátinn hans Ólav

Det er ved appellativa at ein lettast kan tenke seg denne utviklinga, der ikkje noe personlig pronomen kan markere genitiv. Ved proprium fins det belegg i moderne norsk på konstruksjonen med genitivsmarkering bare i det personlige pronomenet: "De va i hass far ti (N.Aurdal); i henne mor ti (Gol)" (Heggstad 1920:86). Men ein slik konstruksjon må vere avstikkande og dermed stå utsett av di grensa mellom overledd og underledd ikkje er markert. Det er ho jo ved adjektivattributt p.g.a. kongruensmarkeringa. Og ved förestelt genitivsledd med appellativ fungerer sin som grensemarkering. Dermed er det forståelig med ei analog utvikling i propriumkonstruksjonen òg: hans Ólav sinn bát.

min/n sin i (8), som er alternativ til miny i (1), er oppstått som rein analogi frå dei hine kontrastive konstruksjonane;

på den måten kan sin-genitiven gjennomföras i heile rekka av kontrastive konstruksjonar.

Indrebö 1951:259 kastar fram tanken at sin-genitiven kan ha komme opp som ei "mistyding" av ein opphavlig refleksivkonstruksjon: a baarna sina vegna oc sina. Men mye meir rimelig er resonnementet hos Knudsen 1967:65f. om at funksjonen til sin i sin-genitiven er så avvikande frå den refleksive funksjonen at han helst må ha komme inn som "fullt ferdig uttrykksmåte" i norsk. Og slik eg ovafor har prövd å skissere utviklinga, var det på eit stadium der kasusendingane for genitiv fall bort, såre behov for den nedertyske sin-genitiven. Han redda det posisjonsmönsteret som vi finn halde ved lag i romsdalsmålet i dag.

Det er vanskelig elles å tenke seg ei utvikling som skaper eit direkte behov for sin-genitiven, for ein hadde jo alt andre genitivsomskrivingar. Og skulle ein utanom den skisserte utviklinga forklare funksjonen til garpegenitiven i moderne romsdalsmål, måtte ein ty til ei forklaring med analogi frå posisjonsmönsteret for eigedomspronomenet.

## 5. Er dette genitiv?

Sin-genitiven er ingen genitiv i tradisjonell tyding. Morfoloisk skil han seg ut ved at han ikkje blir realisert som endingsmorfem, derimot som eit "formord" ("funksjonsord") eller eit grammatisk fritt morfem.

Og syntaktisk sett: Ettersom overleddet i genitivsleddet ikkje står i genitiv, er det heller ikkje tale om noen kongruens i genitiv i dei hine delane av underleddet (genitivsleddet) slik som i norrönt: skip hins ágæta konungs. Utviklinga av endingsmorfologien har gjort det umoglig å markere delane av

genitivsleddet. (Einaste staden ein kunne tale om ein slik kongruens, er ved proprium der pronomenet må ha genitivsform. Da reknar ein altså propriumet som overledd.) Derimot er genitivsleddet som heilskap markert ved hjelp av sin:

- (30) *na stō're kak'sin̩ set hū's*

I tillegg til å markere relasjonen mellom na stō're kak'sin̩ og hū's tener òg pronomenet sin til å markere leddgrensa, det står alltid ved slutten av genitivsleddet:

- (31) *i trū' de e han'ny so set dē'r set hū's, t̩*

Unntak frå dette kan vi finne når genitivsleddet blir flytta fram til forfeltet, da kan sin enten flyttas med eller stå att på den "normale" plassen:

- (32) a. *kam'm sin̩ e tā?*

b. *kam̩ e tā' sin̩ ?*

- (33) a. *javis't, has knū't sin̩ vū'de*

b. *javis't, has knū't vā' de sin̩*

Vi nemnte ovafor at genitivskongruens var moglig bare i personlige pronomener ved proprium, og denne kongruensen er avhengig av funksjonen til genitivsleddet. Men pronomenet sin viser kongruens med overleddet, slik eigedomspromomena gjør det. Kongruensen markerer genus, numerus og kasus (nemneform : dativ):

- (34) *jā', du hā'-kē fāt rō'tā šlē'k i mt̩'ne sine (dat.)*

Slik kongruens finn vi elles i konstruksjonar med adjektivattributt. Men også substantiv i genitivsleddet kan vise slik kongruens i romsdalsmålet, men da sjölv sagt bare i kasus:

- (35) A: *bȝē'de nākā skā'e på bȳ'lā*

B: *ik̩'kē på mt̩'ne, mānn de bȝē' līte gran̩ på lāns'man̩a sine*

Og sameleis fins på hā'nā sine, jamsides med på has's sine.

Dermed ser vi at sin-genitiven ikkje er realisert som endingsmorfem, sin er plassert ved slutten av genitivsleddet og knyter seg til det som heilskap, og sin syner - og resten

av genitivsleddet kan syne - kongruens med overleddet. Såleis er det ikkje moglig å tale om genitiv som noen kasus i samband med sin-genitiven (unntatt ved pers. pron.). Når eg har brukt nemninga 'genitiv' i denne artikkelen, er det derfor bare i "historisk lys". Det same gjeld òg 'genitivsomskriving', som heller ikkje kan brukas i ein reint synkron analyse.

## 6. Sluttmerknad

Den analysen eg her har gitt, går bare på min eigen dialekt, og spekulasjonane om opphavet må derfor òg avgrensas til romsdalsmålet. Eg har ikkje gjort nögne studiar av sin-genitiven i andre målføre, men meir og mindre tilfeldig har eg spurt vestlendingar etter reaksjon på den eller den setninga i den eller den situasjonen/konteksten. Dei svara eg har fått, har gitt meg ein mistanke om at det systemet eg har skissert òg gjeld eit vidare område sörover Vestlandet. Og Iversen 1918:13 er inne på at sin-genitiven i Tromsö bymål er brukt emfatisk i genitivsuttrykk som refererer til dyr. Men i Hordaland har eg derimot lagt merke til bruk av sin-genitiv som ikkje har ein slik kontekst- eller situasjonsrestriksjon som eg har lagt fram her.

Vi veit ein del om utbreiinga av dei ymse formene for genitiv i målföra, men derimot svært lite om funksjonen. Her ligg dermed ein del arbeid utgjort.

Denne artikkelen bygger på ein "introspektiv" analyse - om vi kan kalle han det - av min eigen språkkompetanse. Men eg har fått stadfesta analysen ved små munnlige "testar" på andre romsdalingar. Framgangsmåten har sjølvsagt sine store veikskapar, men òg fordelar framom større granskningar: Ved ein korpusanalyse måtte ein ha eit uoverkommelig stort tekstmateriale. (Eg har gått igjennom ein times opptak av samtalar på

romsdalsmål utan å finne ein einaste sin-genitiv!) Å teste andre sin språkkompetanse er dermed ein betre og greiare metode. Men det er heller inga lita oppgåve å utarbeide testsetningar med nøyaktig kontekst og situasjonsskildring og å skaffe eit sortert utval av informantar. (Kor stöe folk er i kjensla for stil og talemålssyntaks, er så skiftande at ikkje alle informantar er like "gode" ved kompetansetestar.) Fordelen med analysemåten min er derfor at han er raskare, og dessutan er han betre enn ingenting!

Sin-genitiven fins i eit heller stort målføreområde, og han er ekspansiv. Han er i dag på rask marsj inn i austlandsk f.eks. Derfor er det forfeila politikk å prøve å stenge han ute frå skriftmåla. I dag bruker mange han likevel i nynorsk, trass i normene. Men det er ikkje lett når ein vantar rettleiing og heller ikkje blir sett på sporet etter kva ein skal "lytte til" i sin eigen bruk i talemålet. Derfor florerer slike kalkeringar <sup>over</sup> bokmålsgenitiven som (25), (26) og (29) ovafor. Det er inga rettleiing i: "Men i nynorsk normalprosa er det elles grunn til å vere varsam og sparsam med bruken av sin-genitiv." (Hellevik 1971:205) Kunne vi skaffe oss meir innsikt i målførebruken av genitiv, kunne vi òg gi skriftmålsbrukarane betre rettleiing og dermed auke medvetet om den naturlige bruken i talen. Da ville det ikkje vere noen fare, heller ei vinning, å "sleppelaus" garpegenitiven.

+++++

#### Litteraturliste

Hanssen, Eskil. 1976. "Nominalsntagme av typen Han Asbjörn i mellomnorsk" i Norsk, 11/76 s. 1-8.

- Heggstad, Leiv. 1920. "Om ordleiding og setningsbygning i norske  
maalføre" i Maal og Minne s. 81-93.
- Hellevik, Alf. 1971. Norsk på ny. Nynorsk. Oslo.
- Indrebø, Gustav. 1951. Norsk målsoga. Bergen.
- Iversen, Ragnvald. 1918. Syntaksen i Tromsö bymaal. Kristiania.
- Knudsen, Trygve. 1967. Kasuslære, bind 2. Oslo.
- Nygaard, M. 1906. Norrön syntax. Kristiania.
- Torp, Arne. 1973. "Om genitivsomskrivninger og s-genitiv i norsk"  
i Maal og Minne s. 124-150.
- Aasen, Ivar. 1864. Norsk Grammatik. Kristiania.